



Informasjon til;

- deltagarar
- føresette
- funksjonærar

## SPRINTSTAFETT - LANGELAND SKISENTER

**Laurdag 22. januar 2022**

**Laurdag 22. januar 2022 inviterer Førde IL og Gular IL til sprintstafett v/ Langeland Skisenter**

**STILART: FRITEKNIKK**

---

### RAMMEPLAN

Individuell start 7-10 år	Første start, kl. 11.30	Løypelengde	Startkontingent
Gutar/ jenter 7 år og yngre	Blir gjennomført som individuell start. Har vi nok snø lagar vi i tillegg til ei lita skileikløype som dei kan få prøve seg i etter løpet.	Inntil 1 km	Kr. 50,-
Gutar/ jenter 8 år		Inntil 1 km	Kr. 50,-
Gutar/ jenter 9 år		Inntil 1 km	Kr. 50,-
Gutar/ jenter 10 år		Inntil 1 km	Kr. 50,-
FH gutar/ menn		Inntil 1 km	Kr. 50,-
FH jenter/ kvinner		Inntil 1 km	Kr. 50,-
Sprintstafett jenter og gutar 11 – 12 år	Første start, kl. 12.00	Løypelengde	Startkontingent
<ul style="list-style-type: none"><li>- 3 etappar per løpar</li><li>- Slår saman aldersklassene</li><li>- Mikslag jente/gut er ok</li><li>- Samarbeid gjerne med andre klubbar om nokon som har lyst til å gå ikkje får lag</li><li>- Oppfordrar til jamne lag</li></ul>	<p>Fellesstart på første etappe. Antal heat blir vurdert etter antal påmeldte.</p> <p>Inga tidtaking. Kun prolog (ikkje finaleheat).</p>	Ca 500 m	Kr. 260 per lag
Sprintstafett gutar og jenter 13-16 år	Første start, kl. 12.30	Løypelengde	Startkontingent
<ul style="list-style-type: none"><li>- 2 etappar per løpar</li><li>- Primært reine jente og gutelag, men oppfordrar til mikslag klubb og</li></ul>	<ol style="list-style-type: none"><li>1) Prolog med fellesstart på første etappe og 2 etappar per løpar.</li><li>2) Finaleheat med 2 etappar per løpar</li></ol>	Ca 700 m for 13-16 år	Kr. 260 per lag



mikslag kjønn om nokon ikkje har lag - Maks alder på laget: 30 år	der dei beste frå prologen går til A finale, så B-finale.  Antal heat og lag per heat blir vurdert etter antal påmeldte lag		
Menn og kvinner 17 år og eldre	Estimert første starttid kl. 14.30	Løype lengde	Pris
- 2 etappar per løpar - Primært reine jente og gutelag, men oppfordrar til mikslag klubb og mikslag kjønn om nokon ikkje har lag	1) Prolog med fellesstart på første etappe og 2 etappar per løpar. 2) Finaleheat med 2 etappar per løpar der dei beste frå prologen går til A finale, deretter B-finale osv.  Antal heat og lag per heat blir vurdert etter antal påmeldte lag	Ca 1km for 17 år og eldre	Kr. 300 per lag

Vi tilstrebar å gjere ferdig årsklassar, slik at utøvarane slepp å vente veldig lenge mellom prolog og heat. Starttider er estimerte, så vil detaljert skjema bli publisert etter ein ser antal påmeldte lag.

#### TIDTAKING

For klassane til og med 12 år går rennet utan tidtaking. Frå 13 år vurderer ein tidtaking etter antal påmeldte lag og heatoppsett.

#### STARTLISTE

Startliste/estimert tidsskjema vert publisert i framkant av arrangementet på [skikrinsen.no](http://skikrinsen.no), [Førde IL Langrenn sine nettsider](#) og Gauler IL Langrenn si [facebookside](#).

#### PÅMELDING

Til Yngve Thorsen på epost: [yngve.thorsen@coop.no](mailto:yngve.thorsen@coop.no)

**Frist: fredag 21. januar 2022, kl. 17.00**

NB! For å halde nede det totale deltakartalet oppmodar vi om 1 føresett per familie. Hugs at alle føresette må melde seg på arrangementet. Dette er svært viktig slik at arrangøren har oversikt over tal personar som kjem til å vere tilstades på kvart arrangement.



## **PREMIERING**

Alle deltararane får premie, utdeling direkte etter målgang.

## **PARKERING**

Om ein ikkje har årskort betalar ein for parkering ved skisenteret sin automat.

## **STARTNUMMER**

Startnummer hentar ein i det nye arenabygget. Bruk munnbind om du ikkje kan halde 1m avstand.

## **FUNKSJONÆRAR**

Funksjonærar/ løypevakter tek med eigen refleksvest.

NB! Alle funksjonærar/ løypevakter skal bruke munnbind. Munnbind får ein utlevert i det nye arenabygget ved ankomst.

## **SMITTEVERN, COVID-19**

Førde IL og Gaukar IL gjer sitt ytterste for å få til ei så god og trygg gjennomføring av arrangementet som mogleg.

### **Kiosk og samlingslokale**

Arrangementet blir ihht restriksjonar gjennomført utan innandørs fasilitetar. Det betyr at kiosk og samlingsområde og garderobe i Skihytta blir stengt. **Toaletta er opne.**

**Har du symptom på luftvegsinfeksjon og Covid-19** skal du ikkje møte opp på arrangementet.

Symptoma kan vere vondt i halsen, forkjølelse, hoste, følelse av sjukdom, feber, hovudverk, magesmerter, muskelsmerter og tap av smak- og luktesans. Alle som er tilstades på arrangementet har eit sjølvstendig ansvar for å ikkje møte dersom ein har symptom.

**Ein oppmodar om at alle praktiserar god håndhygiene.**

**Alle skal halde avstand utanom konkurransane – hugs regelen om 1 meter avstand.**

**Alle (funksjonærar, deltararar og føresette) må registrere seg med bruk av NIF sin qrona-app** ved ankomst skisenteret (qr-kode). Dette er svært viktig m.o.t. ev. smittesporing.

**Vel møtt til skirenn på Langeland!**

## **ARRANGØR:**

Førde IL og Gaukar IL